


# Nye perspektiv på Hans Nielsen Hauge



I år er det 250 år sidan lekmannspredikanten Hans Nielsen Hauge blei fødd. Dette vil Faggruppe for historie ved USN markere i november. Vi inviterer derfor til gratis fagseminar ved studiestad Bø i Telemark.

Haugerørsla har utvilsamt sett markante spor i mange lokalsamfunn gjennom 1800-talet, og var landets første landsomfattende folkerørsle. 250 år etter Hauges fødsel ser vi framleis tydelege spor etter dei som blei kalla «lesarar» i si tid. Men vi lærer lite nytt gjennom å unisont hylle eller kritisere fortidige hendingar.

Eit jubileum må opne for nye perspektiv!

Innleiarane vil drøfte forholdet mellom religion og samfunn med utgangspunkt i Haugerørsla.

Bidrog Haugerørsla til modernisering på 1800-talet? Korleis heng haugianismens teologi saman med vår lese- og utdanningskultur? Kan vi kalle Hauge ein feminist? Kva kjenneteikna haugianarane på Stortinget? Var Hauge konfliktskapande eller fredssökande? Finst det ein samanheng mellom lekmannsrørsla på tidleg 1800-tal og arbeidarrørslene som kom seinare?

Dette og meir til leitar vi etter svar på når vi samlast i Bø i november.



Måleri av kvinner utanfor kyrke i Finland.  
Albert Edelfelt, 1887. Fri bruk, Wikimedia Commons.

## Praktisk informasjon

**Dato:** 22.-23. november

**Tid:** 09.30-15.30

**Sted:** Studiestad Bø, Gullbringvegen 36, 3800 Bø

→ [Les meir og meld deg på her.](#)



Universitetet  
i Sørøst-Noreg